

Eg vil ha rytme!


Eg vil ha ord!

3.-4. klasse

Nynorsk kultursentrum / Nynorsksenteret

Dette er eit undervisningsopplegg som kan brukast i samband med DKS-produksjonen *Eg vil ha rytme! Eg vil ha ord!*. Opplegget består av eit førearbeid og eit etterarbeid. Det er sjølv sagt råd å ta bort delar av opplegget og tilpasse det til eigen kontekst. Til dømes kan ein velje berre éin av leikane til oppvarming, eller å nytte ferdige instrument framfor å lage egne til etterarbeidet.

Tid: Om lag ein time førearbeid og ein time etterarbeid.



Førearbeid (før DKS-framsyninga)

Rekvisittar

- Presentasjon med film av Runar Gudnasson og elevar
- Utskrift av songtekst *Nordmannen* til kvar elev
- Farga tusj eller blyantar til merking av «rare» ord
- Blanke lappar
- Laboratoriefrakkar (dersom de har. Dette er ikkje naudsynt)

Køyreplan

- Oppvarming:
 - Ta fram presentasjonen. Bruk fyrste bilete/ slide som bakgrunn medan ein gjer oppvarminga. Dei andre bilete/ slidesane inneheld filmen av Gudnasson og oppgåver til denne
 - Samle elevane i ein sirkel slik at alle kan sjå både kvarandre og storskjermen. Læraren er også med i sirkelen
- Filmframsyning
- Syng *Nordmannen*
- Språkforsking
- Avslutning

Oppvarming

Vel ein eller fleire oppvarmingsaktivitetar:

Kviskreleik

- Læraren kviskrar eit ord i øyra på naboen, og så skal dette kviskrast vidare til ordet kjem tilbake til læraren. Har ordet forandra seg?

Rimeordleik

- Læraren seier: *No skal vi prøve å finne ord som rimar. Eg seier: Hus, og spør den neste eleven som kan seie til dømes mus. Kor lenge klarer vi å finne ord som rimar?* Når det stoppar opp, får neste elev seie eit nytt ord.

Rytmeleik

- Elevane seier namna sine, og først klappar læraren rytmen i namnet. Deretter klappar alle i lag.

Introduksjon

Forklar kva de skal gjere, og at de skal lære om ord, rim og rytme.

Diskuter:

- *Kva er eit ord? Kva er rim?* (forklar at det er noko med at slutten på ordet er likt).
- *Kva er rytme?*

La gjerne elevane diskutere to og to før ein let nokon svare.

- *Vi skal snart sjå ei framsyning som heiter «Eg vil har rytme! Eg vil har ord!». Det er Runar Gudnason som har laga førestillinga. Han er mellom anna kjent for å drive med rap-musikk. Kva er rap-musikk?*

Filmframsyning

Skift til PowerPoint-sliden med filmen.

1. Før filmframsyninga

- *Her er ein film som Runar Gudnason har laga saman med elevar frå skular på Sunnmøre.*
Kanskje de kan gjette kven som er Runar Gudnason?

2. Spel filmen

Dersom tekniske utfordringar finn de også filmen her:

https://www.youtube.com/watch?v=dbF_KRvIkVQ

3. Etter filmframsyninga

- *Kva la de merke til? Kva handlar denne songen om, trur de?*
Kvifor trur de at songen handlar om det? Dette var ein moderne versjon av ein gammal song. Faktisk er songen 155 år!

Syng «Nordmannen»

Ta fram songteksten og prøv å synge eit vers

- *Det er mange rare ord i denne songen. Kanskje fordi han er over 100 år gamal?*
I gamle dagar var språket annleis. Det finst menneske som arbeider med å studere språk. Dei kallar vi språkforskarar. No skal vi vere språkforskarar, og sjå nærare på desse gamle orda.

Språkforsking

Dersom ein har utkleddingsklede, til dømes laboratoriefrakkar, kan elevane kle seg ut som språkforskarar, men dette er slett ikkje naudsynt. Del elevane i par, og gje dei eit ark med fyrste eller fleire vers av songen. Dei treng også ein farga tusj eller fargeblyant å merke ord i teksten med.

- *No skal de jakte på rare ord. Det kan vere ord de ikkje har høyrte før, eller ord som er morosame. Merk orda i teksten.*

Etter at borna har leita etter rare ord, får dei lese opp eit eller fleire ord dei har funne.

- *Så flinke de var til å finne ord! No skal vi forske endå meir på desse orda. Vi skal finne ut kva orda kan bety. Vel ut to av dei orda de har merka. Skriv dei på lappar. På baksida av lappane kan de teikne, eller skrive kva orda tyder. Om de ikkje veit kva orda tyder, må de sjølvstøtt spørje meg (læraren).*

Etter at alle har laga lappar med ord på eine sida, og ordforklaringa på den andre, kan para gå saman med andre par, og legge ut lappane sine på eit bord. Så kan ein trekkje eit ord, og forklare kva ordet betyr. Om det er rett, får ein behalde lappen. Kven får flest lappar?

Avslutning



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



Les teksten til songen på nytt.

- *Var det lettare å forstå songen no?*

Etterarbeid (etter DKS-framsyninga)

Lag eit eige instrument og ha ein rytmekonsert. Dersom ein ikkje har tid eller høve til å laga eit instrument, kan ein sjølv sagt bruke rytmeinstrument som er tilgjengelege på skulen. Ein kan dekorere instrumenta ein har laga dersom ein ynskjer det.

Lag eit instrument

Læraren kan velje eit eller fleire instrument de skal lage. Elevane kan få i heimelekse før timen å ha med til dømes ein vedkubbe, skeier eller syltetøylokk, avhengig av kva instrument de vel å lage.

Maracas

Du treng: boksar med lok (til dømes tablettboksar, små pappøskjer- eller brusflasker med kork), tørka erter eller bønner eller småsteinar.

- Putt erter, bønner eller steinar i boksane, så kan ein riste på boksane og lage ein rytme!

Maracas 2

Du treng: nøtter med skal, som til dømes valnøtter, tråd, limpistol, grein.

- Lim ein tråd fast i kvar av nøttene
- Knyt og lim nøttene fast til den eine enden av greina
- Rist på greina slik at nøttene lagar lyd.

Tromme

Du treng: ballong, hermetikkboks eller likande (pass på skarpe kantar), strikk, blyant.

- Trekk ballongen over opninga på hermetikkboksen med ein strikk, så kan du slå på den med ein blyant, og vipps så har du ei tromme.
- Du kan også slå på botnen av ein hermetikkboks.
- For å lage ei stor tromme kan ein snu ei søppelbøtte og spele på den. Gryter kan også fungere.

Vedkubbar/skeier

Du treng: to vedkubbar eller to skeier.

- To vedkubbar av tre kan bli eit instrument! Du berre slår dei mot kvarandre.
- To skeier kan leggjast saman for å lage eit instrument. Hald dei med ei hand og slå dei mot den andre handa, eller låret.

Liten gitar

Du treng: sylteglaslok, avlang og stiv papp til gitarhalsen, strikk.

- Set fire strikk rundt sylteglaslokket. Lim fast gitarhalsen til loket. Hald i gitarhalsen, og klimpre i veg på strikka!

Tamburin

Du treng: to papptallerkenar, tang til å lage hol med, tråd, små bjøller eller andre ting med hol i som lagar lyd, som til dømes skjell eller metallbitar.

- Legg tallerkane mot kvarandre og lag hol i kanten. Tre ein tråd gjennom hola, og tre tråden gjennom bjøllene slik at dei blir festa rundt kanten. Rist tamburinen så det blir lyd!

Panfløyte

Du treng: 6-8 sugerøyr, saks og teip.

- Klipp sugerøyra i ulike lengder, arranger dei frå det kortaste til det lengste, og teip dei saman. Blås i sugerøyra slik at det blir lyd!

Bjølle

Du treng: terrakottapotte, tjukk tråd, ring som er større enn holet i potta, pinne eller blyant å slå med.

- Tre tråden gjennom holet i potta, og fest ringen på innsida av potta. Hald i tråden på utsida, og slå med pinnen.

Rim og rytmekonsert

Lag dikt og legg på rytme til dei.

- Klipp ut korta med rimorda (sjå eige vedlegg).
- Del elevane inn i grupper på tre-fire elevar.
- Legg ordkorta utover pulten, og la elevane finne rimorda.
- Deretter kan dei lage små vers eller dikt.
Til dømes: Det var ein gong ein katt, som gjekk ut ei mørk natt og fann ein stilig hatt.
- Set saman dikt og ulike rytmar med instrumenta.
- Framfør dikta saman med rytmeinstrumenta, som ein rap-song.
Ein kan godt gjenta dikta fleire gongar, slik at det blir litt lengre. Om ein har eit opptaksprogram på iPad eller liknande, kan ein ta opp dikt og rytmar, for så å legge på endå fleire lydeffektar.